

Til  
Naboar og andre rettshavarar  
Offentlege høyringsinstansar  
Lag og organisasjonar


DERES REF: 20/17061 | VÅR REF: 10221829-01  
DOKUMENTKODE: 102021829-01-PLAN-PBL-01  
TILGJENGELIGHET: Åpen

Bergen, 11. desember 2020

## VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR GRØN OMSTILLING AV MONGSTAD, GBNR. 127/91 MFL. PLANID 46312020006 OG HØYRING AV TILHØYRANDE PLANPROGRAM

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12-1 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetting av privat detaljregulering for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/ 91 m.fl., plan-ID 46312020006, i Alver kommune.

Forslagsstillar er Asset Buyout Patners og Mongstad Eiendomsselskap AS, og Multiconsult Norge AS er plankonsulent. Planområdet er avgrensa som vist i varselkart under, og er 1627 daa.



Figur 1 Varselkart for grøn omstilling av Mongstad.

## Planområdet

Planområdet er del av Mongstad Storhamn og Mongstad raffineri-område, og ligg nordaust på Lindåshalvøya, hovudsakeleg i Alver kommune. Ein mindre del av planområdet ligg aust i Austrheim kommune.

Planområdet inngår ikkje i gjeldande kommuneplan for Alver kommune. Overordna gjeldande plan er difor kommunedelplan for Lindåsneset – Mongstad der planområdet er sett av til næring, hamn og sjø. Sørlegaste del av planområdet er i Austrheim kommune og inngår i kommuneplan for Austrheim 2019-2029. Arealet det er snakk om inngår i planområdet til KPA, men det er ikkje sett av formål for området.

Planområdet inngår i 3 gjeldande reguleringsplanar:

- I reguleringsplan for Storhamn Mongstad er den austre delen av planområdet regulert til næringsbygningar (industri, lager, kontor), hamn og hamneområde i sjø.
- I reguleringsplan for Deler av Mongstad industriområde er planområdet regulert til industri, grønstruktur, kommunalteknisk anlegg, kai og hamneområde i sjø.
- I reguleringsplan for Statoil Mongstad er planområdet regulert med hovudformål industri.

## Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av energitunnel og oppdrettsanlegg på land. Planarbeidet er eit ledd i ambisjonane for å sikre framtidig berekraft blant industrien på Mongstad, og vil konkret bidra gjennom etablering av framtidretta energitunnelar som koplar saman dei største industriområda på Mongstad og etablering av oppdrettsanlegg på land med dei nyaste og beste grønne løysingane som finst i dag for oppdrett, inkludert eige osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn, nytt høgdebasseng, biogass-anlegg for handtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg. Eit sentralt prinsipp er at ved å nytta det varme vatnet frå raffineriet, så vil energibehovet til oppdrettsanlegget bli betydeleg redusert. Energibehovet tilknytta oppvarming vil bli eliminert.

For å kunna drive akvakulturverksemd er det behov for godkjenningar utover PBL. Avklaringar om produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og anna som har samanheng med drifta av matfiskanlegget, er tilhøve som vert utgreidd og regulert i konsesjon/løyve etter anna lovverk enn PBL. I desse søknadsprosessane er det krav til dokumentasjon og kartleggingar som belyser mellom anna straum, biologisk mangfald, botntilhøve med meir. Kartleggingar og eksisterande dokumentasjon vil verta trekt inn i reguleringsplanen som bakgrunnsmateriale for arbeidet for å belyse problemstillingar, men tilhøve som blir regulert i andre lovverk vert ikkje handsama som del av detaljreguleringa etter PBL. Det er viktig at det skiljast mellom sjølvse reguleringsplanen etter PBL, og tilhøve som ligg i konsesjonsvilkåra for lokaliteten.

## Krav til konsekvensutgreiing

Planen skal konsekvensutgreiast. Planlagt utbygging er så omfattande at ein slik reguleringsplan krev konsekvensutgreiing. Parallelt med varsling av planoppstart leggst planprogram for planarbeidet no ut til høyring og offentleg ettersyn. Planprogrammet ligg vedlagt.

## Merknader til oppstartsmeldinga

Varslingsdokumenta, planprogram og referat frå oppstartsmøtet med Alver kommune kan lesast på Multiconsult si nettside:

<http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/>

Merknader til oppstartsvarslet og planprogrammet kan sendast til:

[christian.fronsdal@multiconsult.no](mailto:christian.fronsdal@multiconsult.no)

evt. skriftleg til:

Multiconsult Norge AS  
Seksjon for areal og utredning  
v/ Christian Frønsdal  
Nesttunbrekka 99  
5221 Nesttun

Det er ikkje nødvendig å sende kopi av merknader til Alver kommune, då dette blir tatt vare på samla av Multiconsult. Alle mottatte dokument, merknader og liknande blir sendt kommunen saman med planforslaget.

Frist for merknadar er sett til **29.januar 2021**.

Spørsmål angående reguleringsarbeidet kan stillast til:

[christian.fronsdal@multiconsult.no](mailto:christian.fronsdal@multiconsult.no), evt.

Multiconsult Norge AS v/ Christian Frønsdal, tlf. 55 62 33 41

#### **Vidare saksgang**

Etter merknadsfristen er ute vil sjølve planframlegget og konsekvensutgreiing bli utarbeidd, og deretter sendt til Alver kommune for sakshandsaming. Etter handsaminga til fyrste gong i kommunen blir planen med konsekvensutgreiing sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Alver kommune vil til offentleg ettersyn varsle naboar og offentlege etatar direkte. Det vil då vere mogleg å komme med merknader til planframlegget før vidare kommunal handsaming. Planframlegget vil etter offentleg høyring bli sakshandsama i kommunen før det blir sluttbehandla politisk i kommunestyret.

Med venleg helsing

Christian Frønsdal  
Arealplanlegger  
**Multiconsult Norge AS**

Ikkje trykte vedlegg (ligg her: <http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/>):

- *Planprogram til offentleg ettersyn*
- *Varslingskart*
- *Referat frå oppstartsmøte med Austrheim kommune og Alver kommune*
- *Planinitiativ*